



## KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 16.04.2018  
**Stad:** Møterommet, Masfjorden kommunehus  
**Kl.:** 12.00 - 14.45  
**Tilstade:** Arthur Sjursen (leiar), Wenche Dåe (medlem) og Willy Borge (medlem)

**Innkalla:** Rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
Ordførar Karstein Totland

**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:**

.....

### 11/18 Årsrekneskapet 2017 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Rekneskap og årsmelding for 2017, Masfjorden kommune.

Revisjonsmelding, 10.04.18 og Revisjonsrapport nr. 16, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner»

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2017, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonen sine merknader i Revisjonsrapport nr. 16. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gav sine kommentarar til desse merknadane.

Revisjonen opplyste i møte at:

- avstemmingar vedkomande pkt. 1.1, 3.2 og 3.3 er motteke av revisjonen etter at revisjonsrapporten vart skriven

Rådmannen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenesteområda.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek framlegget til uttale slik det føreligg.

Med tilvising til det som her er nemnd vedtek kontrollutvalet å gje slik uttale til kommunestyret om Masfjorden kommune sin årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2017. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt Revisjonsmelding for 2017 datert 10.04.18 og Revisjonsrapport nr. 16.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sitt råd om oppsett av notar i einsarta form. Rekneskapsheftet bør trykkjast med tabellar i større skrift.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Rekneskapen for 2017 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på omkring 1,5 mill. kr og eit positivt netto driftsresultat på 7,036 mill. kr. Netto driftsresultatet er vel 3 % av driftsinntektene og ligg over tilrådd nivå på 1,75% for kommunesektoren.

Netto driftsresultat har ein positiv auke frå 2,464 mill. kr i 2016. Utviklinga og endringar av netto driftsutgifter og driftsinntekter er mellom anna påverka av ulike mottekne tilskot og seinare bruk av bundne fondsmidlar.

Inntektene frå eigedomsskatt er forventta ytterlegare redusert i komande år. Det er difor viktig at ein har ein god buffer i resultatet frå tidlegare år.

Lånegjelda auka med 1,1 mill kr i 2017, men netto lånegjeld pr. innbyggjar er vesentleg lågare enn for kommunegruppa.

Sjukefråværet har ein liten auke på årsbasis for 2017, men er lågare enn for 2015 .

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenesteområda skal forklarast. Det er totalt 0,8 mill. kr i mindreforbruk på tenesteområda (skjema 1B).. Det er eit meirforbruk innan «Barnehagar» (1,7 mill kr) og «Skular» (4,6 mill kr). Eit stort positivt avvik grunna, mottak av ulike tilskot i 2017, ført under «Andre Tenesteområde» gjev likevel eit totalt mindreforbruk.

### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året. Av Revisjonsrapport nr 16 går det fram kva revisjonen har gjeve merknader til.

Kontrollutvalet har merka seg at revisjonen i fleire år har gjeve merknad og peika på nokre tilhøve utan at det er gjennomført tiltak for endring. Kontrollutvalet meiner derfor det er viktig at kommunen no set inn ekstra ressursar for å gjennomføre ulike oppgåver innanfor rekneskap og økonomi som ein er på etterskot med.

Kontrollutvalet vil særskilt understreka behovet for å rette opp påpeika manglar i høve til internkontroll, og som medfører større risiko for at feil kan oppstå.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2018 følge opp revisjonen sine kommentarer og merknader i Revisjonsrapport nr 16.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 10.04.2018 og revisjonsrapport nr. 16 datert 09.04.2018, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2017.

Masfjorden, 16.04.2018

  
Arthur Sjørusen / leiar

  
Wenche Daa / medlem

  
Willy Borge / medlem

Øivind Olsnes/sekretær